



Ivar Øvretvedt  
Kirkegaten 49  
5036 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/2208 - 18/17083

Saksbehandlar:  
Larissa Dahl  
larissa.dahl@meland.kommune.no

Dato:  
20.08.2018

## Godkjenning - igangsettingsløyve for delar av tiltaket grunn-og terrengarbeid GBNR 24/8 Langeland Administrativt vedtak. Saknr: 207/2018

Tiltakshavar: Ivar Øvretvedt  
Ansvarleg søkjar: Norconsult AS  
Søknadstype: Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan – og bygningslova (pbl)  
§ 20- 1 , jf. § 21- 2 , 5. ledd.

### SAKSUTGREIING:

#### Tiltak

Saka gjeld søknad om igangsetting for delar av tiltaket – grunn - og terrengarbeid knytta riving av eksisterande bustad på Gbnr 24/8 på Langeland og oppføring av ny einebustad.  
Kommunen har i vedtak av 15.05.2018 gjeve rammeløyve.  
Det vert elles vist til søknad motteken 15.08.2018.

#### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 15.08.18 og frist for sakshandsaming etter forskrift om byggesak( SAK1 0) § 7- 1 , 1. ledd, bokstav b , er 3 veker frå denne dato, jf. SAK1 0 § 7- 2 .

### VURDERING

#### Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Kommunen legg søkjars vurdering av tiltaksklasse til grunn og godkjenner tiltaket i tiltaksklasse1 .

#### Ansvarsrettar

Ansvarsrettar i saka går fram av erklæringar om ansvarsrett og gjennomføringsplan versjon 2, dagsett 10.08.2018, vedlagt søknaden.

### Vedtak

«Meland kommune gjev i medhald av Pbl §§ 20-1 og 21-4 fjerde ledd igangsettingsløyve for for delar av tiltaket - grunn-og terrengarbeid på Gbnr 24/8 på Langeland i samsvar med søknad med

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

vedlegg motteke 15.08.18.

Det skal sendast inn ny søknad om igangsetting for resten av tiltaket i medhald av Pbl §§ 20-1 og 21-4. Det skal sendast inn søknad om sanitærabonnement og tilkopling til kommunalt vatn og avløp til godkjenning.

Tiltaket skal elles gjennomførast i samsvar med krav og vilkår gitt i eller i medhald av Pbl, så fram det ikkje er gjeve unntak.

Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendte erklæringar og gjennomføringsplan dagsett 10.08.18, jf pbl § 23-3.

Dei opplysningar om byggetiltak og tiltakshavar som går fram av søknaden vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkellova.

Igangsettingsløyve fell bort dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år, eller dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn to år, jf pbl § 21-9».

#### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen. Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 207/2018.

#### Avfall

*Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.*

#### Ferdigstilling

*Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.*

*Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søkjar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Ved søknad om ferdigattest skal søkjar stadfeste at høveleg dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert byggverket sin eigar. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsutgreiing skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggast ved søknad om ferdigattest.*

#### Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det gebyr i saka ettersendt.

#### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Larissa Dahl  
Konsulent

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Søknad om igangsettingstillatelse GBNR 24/8

E-postmelding - Søknad om igangsettingstillatelse GBNR 24/8

Gjennomfoeringsplan(27)

Erklæring om ansvarsrett (005)

**Mottakarar:**

Ivar Øvretvedt

Kirkegaten 49

5036

BERGEN